Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5. | Fylke: Sør-Tr. lag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Haltdalen.

Emne: Vannbæring. | Bygdelag:

Oppskr. av: Jens Halstein Nygård | Gard:

(adresse): Haltdalen | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja. Det vert kalla „vass-tre." Til å lyfte på skia over eine aksla, så held ein ei hand i kvar bötte. Famnbuke og famnkorkar. At det i den eldste tida var brukt nidjer og trekorkar er rimeleg. — Det forekjem enda at ein ber vatn i trebötter, men sjeldan.

2. Kjeil ukjent, derimot hadde dei vass-såer (buslampar) ståande i fjøset inne og bar ein vatn i bötter og fylte såene.

3. Ukjent.

4. Det er etter som det fell seg. Før var det helst kvinnene, serleg tausene. I seinare tid helst mennene. Elles har ~~dei~~ omtrent alle no springvatn, så det er berre i enkelte høve det kan bli tale om å bera. Kjem springvatnet bort (frys eller blir tett) køyrer ein helst vatnet.

5. Forekjem, men sjeldan.

6. Ja, når det er til stykke inne. Jfr. 4.

7. Jfr. 4.

2560

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

S. Tr.

Haltdalen

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

2561

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Våret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Heilt ukjent i Haltdalen.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Ikkje tale om.

Har ein bruka kumøkk til brensel ? Eg minnes å ha hört dette, men det er nok lenge sia, det er sikkert frå andre land eller bygder eg har hört det. Haltdalen har for mykje skog til å måtte bruke kumökk.

Jens Nygård,
Haltdalen,
Sör-Tr.lag.